

Fra: Ruth Ørnholst (Ruth.Ornholt@hfk.no)

Sendt: 06.01.2016 15:21:29

Til: Bergen Off. bibliotek

Kopi:

Emne: Tildeling av kontrakt - utlånssystem for e-media

Vedlegg: image001.png;Bibliotek-Systemer AS.PDF

Hei,

Hordaland fylkeskommune har no gjennomført anbod på utlånssystem for e-media i 32 folkebibliotek og dei vidaregåande skulane i fylket, med opsjon for Bergen kommune/ Bergen Off. Bibliotek.

Etter evaluering av tilboda blir kontrakten tildelt Bibliotek-Systemer AS. Det betyr at konsortiet for e-media i biblioteka i Hordaland bytter teknisk utlånssystem frå BS Weblån til EbokBib. Vedlagt er brevet som vart sendt til vinnaren av anbodskonkurransen med grunngjeving for valet av leverandør.

Bergen Off. Bibliotek har opsjon på å tre inn i kontrakten i løpet av 2016. Dersom de vel å nytte dykk av opsjonen og bli med i konsortiet for e-media i biblioteka i Hordaland, betyr det at lånarane i Bergen får tilgang til den felles samlinga for konsortiet, og at Bergen Off. Bibliotek må bidra til denne. Vi ber om tilbakemelding på om de ønskjer å tre inn i kontrakten no frå starten av. Den delen kontrakten som gjeld opsjon for Bergen offentlige bibliotek, utgjer kr 4210 i årlege driftsutgifter - ingen etableringskostnad.

Ta snarleg kontakt med tilbakemelding om Bergen Off. Bibliotek på bakgrunn av dette, ønskjer å gå inn i ei drøfting om deltaking i konsortiet for e-media i biblioteka i Hordaland!

Venleg helsing,

Ruth

Ruth Ørnholst
Fylkesbiblioteksjef
Kultur- og idrettsavdelinga/fylkesbiblioteket



Tlf: 55 23 93 70 | Mob: 959 13 398
www.hordaland.no/fylkesbiblioteket |